

Storsiger og to uavgjort!**30.07.2007**

Dei tre Rosendal/Uskedalslaget har hatt ein god dag i Norway Cup. Smågutar-14-laget tok heim ein solid 4-1-siger, medan både småjenter-14 og smågutar-13 oppnådde uavgjorte resultat. Begge desse kampane enda 2-2.

Smågutar-14 har størst grunn til å vera fornøgd med dagen. Dei leverte ein god kamp då dei spela mot Gyland 7'er. Dei hadde full kontroll gjennom heile kampen. Slutresultatet vart 4-1 etter scoringar av Vegard Ludvigsen(3) og Sindre Omvik. Dette laget har svært gode sjansar til å nå A-sluttspelet.

Småjenter-14-laget er nok dei som er minst fornøgd med dagens resultat. Lagleiar Svein Ove Bråtun kan fortelja at dei spela ein svært god kamp, og at dei overkøyrdde motstandaren Snarøen. – Sjansane kom tett i tett, og både banespelet og sjansestatistikken skulle tilsei storsiger, men ballen ville ikkje i mål, fortel lagleiaren vidare. Dermed vart sluttresultatet 2-2 etter scoringar av Anette Sandnes og Tonje Skåla. Også dette laget har gode sjansar til å nå A-sluttspelet.

Smågutar-13 spela 2-2 mot Lørenskog 2 etter mål av Joakim Olsen og Jonas Havnerås(str.). Dette laget har mulighet til å nå B-sluttspelet.

Svein Ove kan elles melda om at det i tillegg til kampane er tett med aktivitetar. – I går kveld var mange på opningskonserten der dei fekk høyra mange kjende artistar m.a. Tone Damlie Aaberge, Aylar og Gaute Ormåsen. Nokre var til Drammen og såg storkampen der Strømsgodset hadde Brann som gjester i Tippeligaen. Elles er det sett opp eit stort Tivoli som er svært populært.

Folkefesten held fram med nye kampar i morgon. Då vert slutspellassene avgjort så det vert ein ekstra spennande dag!

Av Thor Inge Døssland